

TV-innsamlinga: 5.000 meir enn i fjor

18.10.2009



Klare til innsats! Til slutt vart det eit mannskap på rundt 20 små og store som deltok i TV-innsamlinga i Uskedalen. Rodeleiar Møyfrid Kristoffersen lengst til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

TV-innsamlinga til verdas fattigaste kvinner gav i Uskedalen eit resultat på 35.654 kroner medan fjorårsresultatet stoppa på 29.802. I 2007 kom det inn 33.426 kroner.



Kunstverket blir presentert før auksjonen under Suppefesten. Frå venstre står Randi Nybakk, Ann Kristin Musland, Klara Bakke, Anita Enes, Sara Arnesen og Åse Myklebust.

-I motsetnad til kva som var tilfellet for nokre år sidan veit no alle kvifor vi kjem på døra og mange står klare med pengane i handa, sa innsamlarane då dei kom attende til "basen" i kjøkenet på skulen etter ein god times innsats. Ein stad hang det sogar ein konvolutt med pengar utanpå døra.

Utan unnatak var innsamlarane svært fornøgde med den mottakinga dei hadde fått, men fleire hadde opplevd at mange på rutene deira ikkje var heime. Men ingen kunne melde om folk som var negative eller avvisande.

I fjor var 12 bøsseberarar i aksjon i bygda og halvparten av dei var rodeleiarens eige "familielag". Denne gongen stod ikkje familien til disposisjon i samme grad og rodeleiar Møyfrid Kristoffersen hadde problem med å skaffa nok bøsseberarar. Ho ringte over 40, men dei fleste var opptekne med andre gjeremål.

Men mellom anna ved hjelp av uskedalen.no fekk ho til slutt mannskapet på plass. Og ikkje berre det – ho hadde 14 bøsseberarar medan 13 var det ynskjelege talet. Ekstramannskapet fekk Korsnes nytte av – der vart det ein auke frå ein til to!

Når ein plussar på ungane som også var med, blir konklusjonen at rundt rekna 20 gjorde ein flott jobb under årets TV-innsamling i Uskedalen.

4.000 av summen i Uskedal-bøssene hadde ein heilt spesiell kjelde: Aktivitetshusets Damevenner viste fram sine kunstneriske sider i samband med aksjonen. Det skjedde under den årlige Suppefesten laurdag kveld, då ait bokstavelig tala nymåla bilete vart auksjonert bort.

Høgaste bod kom frå Brødrene Musland som verdsette kunsten til 4.000 kroner!

Damevennene skriv i ei pressemelding at dei bukkar og takkar!

-Ideen kom på sparket og kunstverket er i høgste grad eit kollektivt verk, opplyser vennene til uskedalen.no

Hvis ein tek utgangspunkt at det bur 1.000 i Uskedalen blir gjennomsnittet rundt regna 35 kroner. I Kvinnherad var det i føremiddag måndag 47 kroner, i Hordaland vel 40 og i landet vel 39 kroner.

Totalt vart det samla inn 405.000 kroner på bøsser i kommunen. Det var 4.000 ned frå ifjor, men mykje tyder på at fleire har gjeve pengar over telefon i år. Leier for Frivilligsentralen Anniken Kjeka er storfornøgd.

Av Ola Matti Mathisen